



## EVALUERINGSRAPPORT OOD2FERD1 (tidligere OD2PROP1) - ferdighetstrening i kariologi - vår 2021

Ferdighetskurset i kariologi (OD2PROP1) vert for tida gjennomført for kull 19-24 (tannlegestudentar), og varer frå 8. mars til 1. juli. Undervisninga har foregått frå kl. 12:30 til 15:30 mandag til torsdag. Grunna restriksjonar i forhold til Covid-19 har vi dette året sett oss nøydde til å dele kullet i to, slik at berre halve kullet har vore på Ferdighetssenteret samstundes. Dette for å halde smittevernet på eit akseptabelt nivå. Dermed har kvar student vore på Ferdighetskurset annankvar dag, det vil seie to økter kvar veke. Kvar student har dermed fått 27 økter.

Det har i år vore 54 studentar på kurset, fordelt på 26 og 28 kvar dag.

Instruktørstabben har bestått av fast ansatte lærarar frå Seksjon for kariologi, samt 8 stk 5. års studentar. Sistnevnte har fordelt seg slik at vi hadde to studentlærarar kvar økt. I tillegg har ein tannhelsesekretær vore til stor og naudsynt hjelp inne på Ferdighetssenteret.

Kurset vert gjennomført med 12 praktiske oppgåver under rettleiing, heile tida støtta opp med video- og direkte demonstrasjonar. Underveis har det vore gjennomført to praktisk-teoretiske prøvar. Alle dei praktiske oppgåvene, samt dei to undervegsprøvane, må være bestått for å kunne gå opp til ein avsluttande heildagsprøve 23./24. juni.

### Vår vurdering av gjennomføringa av undervisninga:

- Den praktiske gjennomføringa av kurset har etter vår mening stort sett gått bra.
  - o **Lokaler og utstyr:** Lokaler fungerer svært bra, men det er stadig litt tekniske problem med unitane. Otto Forthun gjer ein kjempejobb med å heile tida være tilgjengeleg for teknisk assistanse. Ein ser at noko av utstyret er slitt, og treng oftere oppfølgjing og reparasjonar. I år har det ikkje vore meir enn 28 studentar samstundes inne på salen, noko som gjer at vi har kunna bytte litt utstyr ved defekte unitar. Men under normaldrift er det eit problem at det er så mange som 54 studentar på kurset, både fordi vi ikkje har nok unitar (berre 53 stk), og fordi vi ikkje har reservekapasitet ved utstyrfeil.

Ein stor svakhet med kjevane til unitane er at tenna løsnar lett. Dette er nok ein direkte årsak av at mykje bruk fører til mange utskiftingar av tenner, og fjørene som retinerer tenna vert slitt. Dei lause tenna fører til store problem for studentane når

dei skal montere kofferdam-duk og matriser. Dette er ein svakhet med dei kjevane vi har i dag, og vi må stadig bytte ut fjørene i kjevane.

Det har til tider vore litt låg temperatur inne på salen.

- **Personal:** Tannhelsesekretæren vår i år har vore Bente Louise Sletten, og ho har gjort ein kjempejobb. Det er etter vår mening svært viktig at vi har stabilitet i denne stillinga, og at personen som er tiltenkt denne rolla er fast ansatt.  
Forutan den kliniske staben gjer studentlærarane ein svært god og samvittighetsfull jobb. Denne ordninga fungerer bra.
- **Demonstrasjonar:** Demonstrasjonar vert gjort kontinuerleg i takt med progresjonen til studentane. Tilhøva for demonstrasjonar er gode, med både videoframsyning og visualisering direkte i mikroskop/kamera. Undervisninga er prega av litt utdaterte demonstrasjonsvideoar, men det er planar om å fornye desse så snart som mogeleg. Det er kjøpt inn kamerautstyr til dette formål, og det er planlagt å setje i gang med innspeling sommar/haust 2021. Dette prosjektet har vorte utsett ei stund, dels grunna tidsmangel, dels grunna Covid-19.
- **Arbeidsmengde og progresjon:** Studentane jobber godt, og det er svært lite fråvær. Det er i år mindre tid for gjennomføring av kurset (28 mot normalt 45 økter), og dette fører sjølv sagt til utfordringar. Men vi har kompensert ein del for dette tidstapet med å flytte biomaterialforelesningar (8 stk) til fredagar, slik at desse ikkje vert avholdt i kurstida, slik dei normalt gjer. Vi har også gjort 3 av dei 15 obligatoriske oppgåvene om til frivillige oppgåver dersom tid, det samme gjeld oppgåvene på Simodont. Dei tre oppgåvene som ikkje er obligatoriske er duplikatoppgåver med litt ulike restaureringsteknikker, så dette har ikkje store konsekvensar etter vår mening.  
Det er ein ganske stor variasjon i progresjon hos studentane, noko som er utfordrande med tanke på demonstrasjonstidspunkt. Men ved hjelp av repetisjon og ekstraoppgåver føler vi at vi klarar å balansere dette.
- **Studentevaluering:** Dei to praktisk-teoretiske undervegsprøvane må være bestått for å kunne gå opp til ein avsluttande prøve. Det var satt opp to kontinuasjonsprøver til kvar undervegsprøve. Etter undervegsprøvane fekk studentane tilbod om samtale med ansvarshavande tannlege for tilbakemeldingar. Innan 3 veker før kurs-slutt vart det på grunnlag av progresjon og kvalitet gjeve varselsbrev til 10 studentar. Desse fekk tilbod om ekstraøkter inne på Ferdighetssenteret. I skrivande stund er ikkje

sluttpróven gjennomført, men skulle det bli stryk her, vert det kontinuasjonsprøve 1. juli.

- **Samarbeid mellom Seksjon for kariologi og Seksjon for odontologiske biomaterialer:** Seksjon for odontologiske biomaterialer har vanlegvis hatt forelesninger parallelt med vårt kurs, og hatt forelesninger i vår kurstid. Dette har fungert bra, sidan tematikken i det kurset er veldig relevant til vårt kurs. I år kan vi ikkje gjere det på denne måten, grunna Covid-19-restriksjonar og mangel på tid, så biomaterialforelesningane er arrangert digitalt på fredagar i staden.

### **Vår vurdering av rammevilkåra:**

Rammevilkåra for ferdighetskurset i kariologi har i år, som i fjar, vore svært spesielle. Redusert tid på Ferdighetssenteret for kvar student har vore naudsynt grunna smittevernstiltak, og totaltid blir 28 økter (mot normalt 45). Dette er ein ganske stor reduksjon i tid, men er kompensert på ulike måter:

- 3 av 15 obligatoriske oppgåver er omgjort til frivillige
- Simodont-oppgåvene er fjerna
- Biomaterialforelesningane er dradd ut av vår kurstid
- Ekstraøkter er tilbuddt dei som ligg langt etter når det gjeld progresjon
- Samme antal instruktørar på halve kullet har ført til minimal ventetid i forhold til vanleg drift

Sjølv om vi har fått kompensert for noko av den tapte tida som skuldast delt kurs, så ser vi nødvendigheten av undervisning fire økter per veke for eit samla kull når smittesituasjonen tillet det, for å sikre ein god undervisning og læringsutbytte.

### **Våre kommentarar til studentane sin evaluering:**

Det ser ut for oss at studentane stort sett er nøgd med Ferdighetskurset i kariologi. Dei er nøgd med læringsutbyttet, arbeidsmengde og nytteverdi, men tykkjer kurset er krevjande. Når det gjeld tilbakemeldingar frå instruktørar er det nokre som meiner at dei kan bli meir samkøyrd. Ulike tilbakemeldingar frå ulike instruktørar verkar å være eit problem for nokre av studentane.

Det ser ut til at ventetid ikkje er noko stort problem for studentane, i snitt rapporterer dei ei ventetid på 2-5 minutt. Nokre etterspør meir tilgjengeleg forelesningsmateriell, samt litt meir fokus på tips og triks ved demonstrasjonane. Ekstra tid for dei som treng det vert også etterspurt av nokre.

## **Vår samla vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak**

Vår samla vurdering er at kurset i år har fungert bra, trass i utfordringar med redusert tid for ferdighetstrening. Ved å redusere arbeidskrava litt meiner vi at vi skal komme i mål med dei fleste i år også.

Våre forslag til tiltak er:

1. Betre kalibrering av lærarstaben. Vi har kalibreringsmøter med studentlærarane, og tidvise kalibreringsmøter med dei faste instruktørane. Men dette kan vi leggje meir vekt på ved framtidige kurs.
2. Utvikling av nytt undervisningsmateriell i form av videoar og nye oppgåver. Dette planleggjast å starte sommaren/hausten 2021.
3. Meir tilgjengeleg tid for ferdighetstrening vil automatisk bli eit faktum når smittesituasjonen er under kontroll og forholda meir normale.

Torgils Lægreid

Førsteamans Kardiologi

Emneansvarleg OD2PROP1

Karen Reinholtsen

Seksjonsovertannlege Kardiologi

Klinisk ansvarleg OD2PROP1